



ÅRSMELDING 2015

Generelt.

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerv for kommunane den går gjennom, både for næringsliv /turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes-Røldal – Røldal/Jøsandal (saman med E 134) - Jøsandal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde.

Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde - Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013 (Vedlagt)

Nye vedtekter for eit revitalisert I/S Fjordvegen vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her er fokus på vegbygging med slikt føremål:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

Styret 2015:

Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå Fylkeskommunane for ein 4-årig valbol. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2015 halde 4 styremøte og handsama 33 saker i tillegg til Årsmøtet 2015 som vart halde på Ryfylke Fjordhotel, Sand 06.05.2015.

Styret i 2015:

2015/2017 (på val 2017):

Bjørn Laugaland, Hjelmeland

Sigbjørn Hauge, Voss

John Opdal, Odda

2015/2016 (på val 2016):

Marta Finden Halset, Vik i Sogn - Styreleiar

Torkel Myklebust, Suldal - Styrenestleiar

2015/16 Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Harald Offerdal, Balestrand
2. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
3. Trine Danielsen, Hjelmeland

2015/2019 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Arne Bergsvåg, Rogaland Fylkesk varamedlem: Svanhild Løge Skålheim (fram til valet: Svein Kåre Foss med vara Gustav Løge Fosse)

Marthe Hammer, Hordaland Fylkesk varamedlem: Gard Folkvord (før valet: Einar Horvei med same vara)

Anders Ryssdal, S&F Fylkesk varamedlem: Laila Rinde (begge vart attvalde)

Valnemnd 2016 : Nils Moldøen (leiar), Kjellaug Brekklus, Hans Erik Ringkjøb

Administrasjon.

I/S Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet iks. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim (Leiv Vambheim fram til 31.08.), er også dagleg leiar i I/S Fjordvegen Rute 13 og saman med konsulent Trude L. Rinaldo er sekretariat for selskapet.

Konsulent (Profileringsmedarbeidar) Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 -30.09.2017 med oppgåve å profilera I/S Fjordvegen Rute 13.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2015.

Medlemskap

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.

I året 2015 har selskapet 13 kommunar, 2 regionråd, 4 næringsforeningar, 3 fylkeskommunar og 7 verksemdar som medlemar (pr 31.12.):

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes Kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune		4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Forsand kommune		4110 FORSAND
Odda kommune	Oppheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Ullensvang herad		5780 KINSARVIK
Voss kommune	PB 145	5701 VOSS
Balestrand kommune	Rådhuset	6899 BALESTRAND
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks		4130 HJELMELAND
Næringsforeningen i Stavanger-regionen	Pb 182	4001 STAVANGER
Vik Næringsssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Ullensvang Næringsforum	Pb 73	5782 KINSARVIK
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Hardangerbrua		5781 LOFTHUS
Følgefontunnelen A/S		5470 ROSENDAL
Felleskjøpet Rogaland Agder,	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby,		5713 VOSSESTRAND
Marine Harvest Region Sør,		4130 HJELMELAND
Hotel Ullensvang		5781 LOFTHUS
Suldal Næringsforening		4230 SAND

Kontingentane for 2015:

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 30.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 4: Andre	kr 2.500
Medlemskategori 5: Fylkeskommunar	kr 60.000

Kort om arbeid i selskapet i 2015.

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre har IS Fjordvegen påverka for å få Rv 13 prosjekt med i Statsbudsjettet 2016:

Styret har utifrå ei lang tiltaksliste i 2015 sett høgaste prioritet på desse prosjekta fylkesvis:

Rogaland: Rødsliane Suldal (rassikring), Årdalstunnelen

Hordaland: Brattlandsdalen, Deildo (rassikring, Ullensvang), Kinsarvik – Bu

Sogn & Fjordane: Vikafjellstunnelen

Frå Statsbudsjettet 2016 prioriteringar for Rv 13:**Sogn og Fjordane**

Ingen prioriterte tiltak

Hordaland

I budsjettforslaget prioriteres midler til å vidareføre arbeid med skredsikring av Joberget på riksveg 13 i Granvin herad. Anleggsarbeidet tok til i august i år, og prosjektet ventes åpnet for trafikk sommeren 2017, mot tidligere forutsatt i 2016.

Det er også prioritert midler til å vidareføre arbeidene med skredsikring av riksveg 13 ved Deildo i Ullensvang herad. Anleggsarbeidet starter i oktober i år, og prosjektet ventes åpnet for trafikk i 2018, mot tidligere forutsatt i 2017.

Rogaland

1 300 millioner kroner er foreslått til prosjektet Riksveg 13 Ryfast. Av dette beløpet forutsettes 1 250 millioner kroner stilt til disposisjon av bompengeselskapet.

Prosjektet er i alt 20,7 kilometer langt og omfattar to undersjøiske toløps tunnelar mellom Stavanger og Hundvåg og mellom Hundvåg og Solbakk i Strand kommune. Prosjekt Ryfast vil saman med prosjekt E39 Eiganestunnelen gi ferjefritt vegsamband mellom Nord-Jæren og Ryfylke.

Handlingsplan 2016-2018 – oppfølging:

Årsmøtet 2015 godkjende revidert Handlingsplan. Nokre tema har vore særskilt jobba med i 2015:

Profileringsarbeidet 2015:

Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø har på grunnlag av profileringsarbeid i IS Fjordvegen Rute 13 gjort store nye endringar i profilarbeidet i selskapet.

Vidareutvikling av heimesida www.fjordvegen.no pågår med nærings-medlemmer presentert samt Facebook-profil oppdatert kvar veke.

Fire utgåver av medlemsskrivet Fjordvegendrøsen som fortel om det som rører seg i og rundt vegselskapet og medlemmane.

Brosjyren «Det skal bli gult og kult» fungerer godt og er bestemt å kunne brukast minst ut 2016.

Årskonferansen som sirkulerer mellom regionane, hadde Attraktivitetsanalysen for Fjordveg-regionen som eit tema. Årskonferansen vart avhalde 6. mai etter årsmøtet på Sand. Ca 45 deltakarar og god pressedekning.

Det er ambisjonar om at årskonferansen skal ha dagsaktuelle tema og gode innleiingar som gjer det attraktivt å delta samt skapa ein god debattarena.

Attraktivitetsanalyse for «Fjordveg-regionen».

Telemarksforsking vidareutviklar årleg modellen for kor attraktive kommunar og tettstader er for tre område: busetting, bedriftsetablering og besøkjande. IS Fjordvegen bestilte i 2014 ein slik attraktivitetsanalyse for sine kommunar langs Rute 13 for å få status på dei ulike kommunane sine føremoner og utfordringar med tanke på framtidsutviklinga. I/S Fjordvegen er særleg oppteken av kva gode og rassikre vegar har for stadutviklinga samt reiselivet sine mulegheiter.

Attraktivitetsanalysen for Fjordvegregionen blei presentert på Årskonferansen 2015 i Suldal og m.a. referert på Ryfylkekonferansen på Jørpeland same månad.

Medlemspleie og rekruttering:

Styret bestemte før kommune- og fylkestingsvalet å priorerte kontakt og dialog med nye fylkesordførarar og nye ordførarar i medlemskommunane.

De blei rett etter valet sendt brev til ordførarane med god respons, og i november var første informasjons- og dialogmøte med ny fylkesordførar i Rogaland. Dei to neste fylkesordførarane har det vore møte med i januar og februar 2016. Prioritering av fylkeskommunane og fylkespolitikarar held fram i 2016, dette utifrå fylka si viktige rolle i samband med revisjonen av NTP.

Medlemsverving blant samferdselengasjerte utvalde bedrifter og næringsforeiningar er høgt prioritert, fleire nye bedriftsmedlemmer kom til i 2015. På førespurnad bidrog ein med fagleg støtte til reiselivsnæringa i Ryfylke i samband med forslag til endra trase for Nasjonal turistveg Ryfylke.

Stavanger kommune kom og med som medlem i 2015. Tilsvarende initiativ blir tatt i høve kommunar i den nordlege enden av Fjordvegen

Det er planlagt ny styretur til medlemmer hausten 2016.

Styret og administrasjon har aktivt deltatt på eksterne arenaer og nasjonale konferansar for å fremja Fjordvegen og medlemmene sine interesser. Dette galdt i 2015 t.d. Opninga av Ekspressbussruta Trolltunga – Preikestolen, Høgfjellskonferansen, Logistikkdagen og opninga av Sandsfjord bru.

Selskapet har og engasjert seg aktiv i enkelte viktige vegprosjekt i påverknad og i pådrivarrolle etter spørsmål frå medlemmer. Eit større prosjekt for å få fortgang på tiltaka i Brattlandsdalen er under utvikling utifrå eit slikt spørsmål frå Suldal Næringsforening.

Det er gitt to større uttalar til vegprosjekt i 2015:
Planprogram Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029 og
Høyringsuttale: Rv 13 Melkeråna – Årdal, forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing.

Den 3-årige Handlingplanen vert følgt opp av to årleg reviderte tiltaksplanar: Tiltaksplan for påverknadsarbeide og Tiltaksplan for profilering og samarbeide.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine egne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknytning til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetringar og rassikring. IS Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2015 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Rekneskapen for 2015 viser at selskapet hadde medlemsinntekter på 677.500 kr og driftsutgifter på om lag 822.000 kr. og renteinntekter er på 9.672 kr. Driftsresultatet er på minus 105.341kr. Eigenkapitalen er på 543.079 kr. pr 31.12.2015.

I samband med offensiv satsing på at det skal utviklast nye profileringsverktøy, reisa og selja selskapet inn til nye aktørar, har drifta gått i underskot for andre år på rad. Det er naudsynt å halda god kontroll på økonomien slik at denne trenden ikkje vert vidareført til 2016. Overskot og underskot vert ført mot eigenkapitalen i selskapet som framleis er solid i høve selskapet sin aktivitet, men selskapet må unngå fleire år med underskot.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks, der Leiv Vambheim til 31.08. og Jostein Eitrheim frå 01.09. var dagleg leiar i begge selskapa i 2015.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 6 menn og 2 kvinner og varamedlemmene i styret er 3 menn og 3 kvinner.

Miljø.

IS Fjordvegen si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Bergen 18.02.2016

.....
Marta Finden Halset
Styreleiar

.....
Torkel Myklebust
Nestleiar

.....
Bjørn Laugaland
Styremedlem

.....
Sigbjørn Hauge
Styremedlem

.....
John Opdal
Styremedlem

.....
Arne Bergsvåg
Styremedlem

.....
Marthe Hammer
Styremedlem

.....
Anders Ryssdal
Styremedlem

.....
Jostein Eitrheim
Dagleg leiar